


ÅRSMELDING 2003





ABM-UTVIKLING

POSTBOKS 8145 DEP
N-0033 OSLO


TELEFON: 23 11 75 00
TELEFAKS: 23 11 75 01

post@abm-utvikling.no
www.abm-utvikling.no

LAYOUT: ABM-utvikling
TRYKK: PDC-tangen AS
FORSIDEBILDE: Moskusar frå
Kvalfangarmuseet i Sande-
fjord. Foto: Cedric Archer

ISSN 1503-5972
ISBN 82-8105-006-3

ABM-utvikling 2004



2003

ABM-UTVIKLING

VED DIREKTØR JON BIRGER ØSTBY



Foto: Cedric Archer

ABM-utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum er det nye samordnings- og utviklingsorganet til staten for arkiv, bibliotek og museum. ABM-utvikling skal setje institusjonane og sektorane betre i stand til å løyse faglege oppgåver og til å møte nye utfordringar i samfunnet, og skal arbeide med heile spekteret av funksjonar innanfor arkiv, bibliotek og museum. I styringsdokumenta er det særleg lagt vekt på utvikling av informasjons- og kommunikasjonsteknologi og ønskje til brukarane om å kunne nytte materialet på tvers av kjelde og institusjonstype. Statens bibliotektilsyn, Riksbibliotektenesta og Norsk museumsutvikling vart slått saman og gjekk inn i ABM-utvikling, og etter eit interimår kom ABM-utvikling i ordinær drift frå 1. januar 2003. Det er ei forventning om at ABM-utvikling skal medverke til større merksemd og forståing for kva slags rolle dei tre sektorane spelar i samfunnet.

ABM-utvikling har prøvd å halde fokus på sluttbrukarane, samstundes har vi lagt stor vekt på dialog med dei miljøa vi skal arbeide for. Vi skal rette oss mot dei tre sektorane som sjølvstendige sektorar samstundes som vi skal handsame dei tverrsektorielle utfordringane. Vi har klart komme lengst med dei sektorvise utfordringane. Med dei tverrsektorielle grepa krevst det ytterlegare omstilling og ny medvete både internt i ABM-utvikling og ute i miljøa.

Det første året til ABM-utvikling har i stor grad vore prega av nyetablering og omstilling. Dei tre institusjonane hadde ulikt fokus på arbeidsoppgåver og ulike kulturar og rutinar. Det har vore ein stor jobb å binde dette saman til ein organisasjon. ABM-utvikling har gjennom året skulle handtere tre ulike utfordringar:

- Å halde skuta med alle kontinuerlege oppgåver i gang.
- Å gjennomføre ein omstillings- og samanslåingsprosess.
- Å arbeide med nyskaping og omdefinering av oppgåver.

I grunnlagsdokumenta for ABM-utvikling er det lagt vekt på at den nye institusjonen skal fokusere på utvikling og tone ned forvaltning og tilsynsfunksjonar. I praksis har det vist seg vanskeleg å ivareta denne intensjonen når forvaltingsoppgåvene snarare har auka enn minka. Vi har fått nye oppgåver med forvaltning av prosjektmiddel for Den kulturelle skulesekken og driftstilskot til musea. I tillegg har endringar i den nye biblioteklova ført til auka tilsynsfunksjonar òg på dette området.

Både i ABM-meldinga frå 1999 og Kulturmeldinga som vart lagt fram i august 2003 vart det varsla om ei auke i prosjektmidlar. Denne auka er mellombels flytta fram i tid. Vi har lagt vekt på å bruke dei disponible midla til færre og større prosjekt. Nokre miljø har nok

difor opplevd at terskelen for løyve av midlar har vorte høgare enn kva dei er vane med frå før, medan arkivmiljøa og fag- og forskingsbiblioteka har fått tilgang til nye ressursar.

Statistisk sentralbyrå har rekna ut at dei menneskelege ressursane utgjer om lag 3/4 av den norske nasjonalformuen. ABM-utvikling skal vere med på utvikle og vedlikehalde desse ressursane og her krevst det kultur, kompetanse, kvalitet, kreativitet og kraft. Læring og borgarane si rett til kunnskap og informasjon er ein viktig utfordring i ein slik samanheng. Vi må heller ikkje gløyme eigenverdien til kulturen. I denne årsmeldinga sett vi fokus på nokre av dei større og viktige satsingane i 2003, og du finn ein meir utførleg oversikt på våre heimesider www.abm-utvikling.no.

VISJON VERDIAR STRATEGIAR

Visjon:

Arkiv, bibliotek og museum gir kunnskap og opplevingar til alle

ABM-utvikling byggjer verksemda på grunnverdiar:

- toleranse, ytringsfridom og demokrati
- kulturen sin eigenverdi
- rett til tilgang til informasjon
- kulturelt mangfald
- sosial inkludering
- universell utforming
- effektiv bruk av samfunnet sine ressursar

For å realisere visjonen arbeider ABM-utvikling etter hovudstrategiane:

- fokus på brukarane
- stimulere og initiere utvikling og omstilling i og på tvers av dei einskilde sektorane
- open dialog med fagmiljøa
- utvikle og styrkje samarbeid mellom arkiv, bibliotek og museum og andre institusjonar, organisasjonar og verksemdar
- fremje kunnskap om arkiv, bibliotek og museum
- løfte fram gode føredøme
- vere pådrivar overfor offentlege styresmakter

Sentrale satsingsområde for ABM-utvikling i perioden 2004-2006

- Fremje læring og formidling i arkiv, bibliotek og museum
- Utvide nettbasert tilgang til kunnskap og kultur
- Kartlegge og utvikle regionale og lokale arkivlandskapet
- Utvikle ny bibliotekpolitikk som avspeglar endringar i samfunnet m.o.t. teknologi, krav til kunnskap og kultur
- Heve kvaliteten til musea gjennom museumsreforma
- Synleggjere arkiv, bibliotek og museum sine funksjonar og roller i samfunnet



Foto: Cedric Archer

ABM-UTVIKLING

I TAL

I 2003 hadde ABM-utvikling eit totalbudsjett på 69,4 millionar kroner. Pengane vart brukt slik:

Prosjektmiddel	28 millionar
Lønn	24,7 millionar
Reiser og konferansar	3,5 millionar
Lokalar	4,4 millionar
Trykkeutgifter (ABM-skrift, brosjyrar, Bok og Bibliotek)	2 millionar
Kunngjeringar	0,5 millionar
Porto	0,5 millionar
Telefon	0,4 millionar
Konsulenttenester	2,7 millionar
Anna utgifter (IT-drift, inventar, utstyr, kontorutgifter)	6,2 millionar

Det har ved fleire høve vore varsla at ABM-utvikling skulle få tilført monaleg med prosjektmidlar. Dette har enno latt vente på seg. Prosjektmidla for 2003 vart fordelt slik:

Prosjekt for heile ABM-sektoren	4 024 000
Fellesprosjekt for arkiv og museum	115 000
Fellesprosjekt for bibliotek og museum	887 000
Prosjekt for arkivsektoren	2 581 000
Prosjekt for biblioteksektoren	11 796 000
Prosjekt for museumssektoren	5 579 000
Prosjekt Kulturnett Noreg	3 105 000
Sum	28 087 000

Ved utgangen av 2003 hadde ABM-utvikling 62 tilsette, av desse er 57 fast tilsatt, 3 mellombels tilsatt, 2 prosjektpersonale og 2 vikarar.



Tilsette i ABM-utvikling. Foto: Cedric Archer



Leiargruppa i ABM-utvikling. Frå venstre: Randi Ertesvåg, Gudmund Valderhaug, Jon Birger Østby, Arve Sognebro, Lars Egeland, Leikny Haga Indregard. Foto: Cedric Archer

ABM-utvikling har ein organisasjonsplan med tre avdelingar: administrasjonsavdelinga, informasjonsavdelinga og utviklingsavdelinga. Utviklingsavdelinga er den største avdelinga og har tre sidestilte avdelingsdirektørar. Saman med direktøren utgjer dei fem avdelingsdirektørane leiargruppa.

AVDELINGAR

Utviklingsavdelinga

Utviklingsavdelinga har som hovudoppgåve å ta initiativ til og stimulere utvikling og omstilling i arkiv, bibliotek og museum og samarbeid i og mellom sektorane. Avdelinga har ei klar målsetjing om å utvikle tverrsektorielle arbeidsformer. I 2003 vart det difor lagt vekt på å utvikle arbeidsmåtar som gjer at avdelinga kan dra nytte av medarbeidarane sin fagkompetanse både tverrsektorielt og fagspesifikt. Avdelinga har valt ei fleksibel organisering, og det er no etablert team for dei viktigaste tverrsektorielle satsingsområda og for sektorane. Avdelinga er leia av tre avdelingsdirektørar som saman skal trekkje lasset. Det har vore krevjande for tre leiarar å dra det same lasset i same retning til ein kvar tid.

Dei viktigaste einskildsatsingane til avdelinga er programmet Norsk Digitalt Bibliotek, Museumsreforma og Arkivkartlegginga (sjå særskilt omtale av desse tiltaka). Utviklingsavdelinga er òg engasjert i fleire internasjonale samarbeidsprosjekt. Det eksterne hovudfokuset i 2003 har vore å styrkje institusjonane sitt arbeid med tilgjengeleggjering og formidling. Dette kjem mellom anna til uttrykk i den støtta som er gitt til eksterne prosjekt.

Informasjonsavdelinga

Informasjonsavdelinga er ansvarleg for intern og ekstern informasjon, drift av ABM-utvik-

ling sine datatenester og ikkje minst drift og utvikling av kulturnett.no – kulturdepartementet si nettsatsing for norsk kultur.

Det er utarbeidd ein plan for ekstern informasjon frå ABM-utvikling. I tråd med den har informasjonsavdelinga starta utgjeving av skriftserien ABM-skrift, oppretta ein rekke postlister for grupper innan ABM-sektoren samt utgjeving av eit nyheitsblad på nettet – Nytt fra ABM-utvikling – som kjem kvar fjortande dag.

Mykje ressursar har gått med på å planlegge ny versjon av kulturnett.no som kjem i 2004. Den nye nettstaden skal byggjast på emnekart, ein moderne standard for systematisering av informasjon. Denne skal gjere det lettare å utnytte ressursane på nettstaden.

Administrasjonsavdelinga

Administrasjonsavdelinga er ansvarleg for budsjett, rekneskap, personale, post, arkiv, sentralbord og andre fellestenester. Avdelinga har hatt eit hektisk år der dei hadde ansvar for å handsame den daglege drifta samstundes som organisasjonen skulle byggjast. Dei administrative system og rutinar frå dei tre tidlegare verksemdene måtte leggjast om slik at grunnleggjande driftsfunksjonar som økonomi og personalsystem fungerte frå første dag. Det vart òg etablert eit felles arkiv med ny arkivnøkkel.

Det vart arrangert eit oppfølgingsseminar

for tidlegare deltakarar i LUPIM – leiarutviklingsprogram i musea, i Bergen hausten 2003. Eit anna utviklingsprogram, "Mål og mening i museumshverdagen" avslutta våren 2003 ei kursrekke med deltakarar frå fem museum.

Avdelinga har saman med direktøren vore med på å etablere eit godt samarbeid mellom leiinga, administrasjonen og dei tillitsvalde frå organisasjonane. Det er blitt forhandla fram eit personalreglement for ABM-utvikling, der det mellom anna er etablert eit tilsettingsråd. Vidare har ein laga grunnlaget for ein personalpolitisk og lønnspolitisk plan.

ABM-utvikling arbeider til ein kvar tid med interne og eksterne prosjekt som skal reflektere våre hovudsatsingar:

- Fremje læring og formidling i arkiv, bibliotek og museum
- Utvide nettbasert tilgang til kunnskap og kultur
- Kartleggje og utvikle regionale og lokale arkivlandskapet
- Utvikle ny bibliotekpolitikk som avspeglar endringar i samfunnet m.o.t. teknologi, krav til kunnskap og kultur
- Heve kvaliteten til musea gjennom museumsreforma
- Synleggjere arkiv, bibliotek og museum sine funksjonar og roller i samfunnet

Dette er nokre av våre interne prosjekt som er trekt fram. Full oversikt finn du på våre heimesider www.abm-utvikling.no.

INTERNE

PROSJEKT

Museumsreforma

I 2003 gjekk museumsreforma inn i sitt andre år. Utgangspunktet er Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving, der det er lagt ein omstrukturering av museumslandskapet til grunn for å styrkje institusjonane fagleg og økonomisk/administrativt. Målet er einingar med minimum 8-10 stillingar som skal ivareta alle dei varierte basisoppgåvene som kjenneteiknar museum som institusjonstype på ein god måte. Omstruktureringa, supplert med tilførsel av monalege nye driftsmiddel, legg grunnlaget for eit nasjonalt nettverk av museum, der ulike emne og funksjonar inngår for å kunne gje best mogleg samordning og utvikling i nasjonal samanheng. Det vert lagt vekt på at det er ein fagleg kvalitetsreform, for utvikling av museum som kunnskaps- og opplevingsressursar, i ein meir utadvent rolle retta mot brukar og samfunn.

Den økonomiske ramma er 200 millionar kroner i auka driftsgrunnlag, i ei opptrapping over 5 år. For 2002 og 2003 kom det høvesvis 40 og 37 millionar kroner. Tek vi med vedteke tilføring av 22 millionar i budsjettet for 2004 er vi no oppe i omlag 100 millionar kroner i løpet av dei tre første åra av reforma.

ABM-utvikling er staten si førsteline i arbeidet med museumsreforma, men vi har eit nært samarbeid med fylkeskommunane. Vi har prioritert utstrakt reiseverksemd og delta-

king på fylkeskommunale og regionale museumssamlingar, med generell informasjon om reforma, vurderingar, tolkingar, vektlegging av gode prosessar samt diskusjon av konkrete problemstillingar.

Hausten 2003 arrangerte ABM-utvikling i samarbeid med Norges museumsforbund tre seminar: "Museumsreformen; hvorfor, hvordan, med hvem...". Dei tre seminara vart halde på Flesland, på Gardermoen og i Tromsø, og samla til saman over 250 deltakarar. Vi har gjennomført ei rekke møter med dei større musea for ein diskusjon om forventningar og ambisjonar i utviklinga av nasjonale nettverk. Arbeidet har til no resultert i at 11 museum i tildelingsbrev for 2004 har fått ansvaret for i alt 13 museumsnettverk.

Reforma har ført til vitalitet, dialog og ei auka politisk interesse for sektoren, samstundes som den inneber store belastningar i ei fase med diskusjon av økonomi, jus og organisering. Kvaliteten i arbeidet er varierende, og ennå gjenstår mykje før reforma er gjennomført. På grunn av dette er det frå statleg hald lagt opp til at det vidare arbeidet i all hovudsak bør skje ved ei prioritering av prosessar for konsolidering som kan dokumentere innhald og framdrift i tråd med føresetnadene i reforma.



Foto: Cedric Archer

Norsk digitalt bibliotek

Norsk digitalt bibliotek er eit prosjekt som har som mål å gjere alle digitale informasjonsressursar tilgjengeleg for alle på ein enkel måte. Det er ei organisert samling av tenester og innhaldsressursar som gjev brukarar tilgang til informasjon i digital form formidla via internett. Slik tilgang kan òg gjelde ikkje-digitalt innhald. Her reknar ein med at brukarane skal kunne oppfatte tenester og innhaldsressursar som eit einsarta system sjølv om dei får ulike tilbod frå ulike leverandørar, har ulik fysisk form og i utgangspunktet ikkje er koordinert. Dei ulike ressursane i Norsk digitalt bibliotek skal kunne samvirke ved hjelp av presist definerte og standardiserte grensesnitt.

I september 2002 oppnemnde ABM-utvikling ei arbeidsgruppe som skulle kartlegge hovudutfordringane for utvikling og samordning av ressursar i eit digitalt bibliotek og foreslå organisering av det vidare arbeidet med etableringa av eit digitalt bibliotek. Arbeidsgruppa skulle òg avklare kva den la i omgrepet digitalt bibliotek og lanserte følgjande visjon for Norsk digitalt bibliotek: "Et biblioteksystem som sprenger det enkelte biblioteks rammer og stiller deltakernes samlede digitale informasjonsressurser og tjenester til rådighet for alle på en enkel måte"

I mai 2003 vart ein lanseringskonferanse av prosjektet "Norsk digitalt bibliotek" arrangert.

ABM-utvikling har tilsett ein prosjektleiar i full stilling. Samstundes vart Norsk digitalt bibliotek definert som eit program, med fleire ulike innsatsområder og delprosjekt. I desember vart det etablert ein brei samansatt programkomité. Norsk digitalt bibliotek vil vere ein hovudsatsing for ABM-utvikling i fleire år framover.

BRUDD

BRUDD - eit museumsprosjekt om marginale, løynde, kontroversielle og ubehagelege historier.

Museumsutstillingar har tradisjonelt prøvd å gje svar framfor å stille spørsmål, og musea oppfattast ofte som institusjonar som dokumenterer og formidlar den autoriserte historia – den heile og sanne historia. Men musea må òg våge å ta standpunkt, ha ei mening og provosere fram diskusjon og debatt.

BRUDD er eit prosjekt som skal stimulere musea til å tenkje annleis, våge å ta opp vanskelege historier og utfordre gamle grenser. Prosjektet fokuserer både på ubehagelege, kontroversielle og løynde emne og på det problemorienterte som pedagogisk metode i museumsformidlinga. I BRUDD vert konkrete prosjekter drøfta som spenner frå store dokumentasjonsprosjekt til mindre formidlingsprosjekt, frå tabulagde historier til forskingskritikk.

Ti museum, ein fylkeskommune og ABM-



Foto: Bjørn Djupvik

utvikling deltek i BRUDD. Prosjektet starta i 2003 med to seminar, og vil fortsette i 2004.

Opphavsrett og personvern

I samband med formidling av materiale frå arkiv, bibliotek og museum vert det reist ei rekkje problemstillingar knytt til bruk og formidling av materiale verna etter åndsverkslova og til handsaming av personopplysningar. Det er ei spenning mellom det teknisk moglege og rettslege avgrensingar for bruk av materiale i arkiv, bibliotek og museum. Informasjonsteknologien gjer det mogleg å tilverke og bruke biletkunst, litteratur, fotografi, musikk- og filmverk og samanstilling av personopplysningar.

ABM-utvikling ønskjer å gje brukarane enkel tilgang til materiale i arkiv, bibliotek og museum. Samstundes må ikkje rettane til dei som skaper verka bli krenkja eller tilgangen gå på kostnad av personvernet. ABM-utvikling ser det som si oppgåve å halde seg orientert om kva slags rettsleg vern som til einkvar tid gjeld på dette feltet og tilby råd og rettleiing innan opphavsrett og personvernlovgjeving. ABM-utvikling har i samarbeid med Nasjonalbiblioteket teke initiativ til at det i løpet av 2004 vert oppretta eit Forum for opphavsrett og personvern, som skal medverke til kompetanseheving på dette feltet i ABM-sektoren.



Foto: Cedric Archer



Foto: Hilde Lillejord



Foto: Hilde Lillejord

kulturnett.no

kulturnett.no er den offisielle inngangsdøra til norsk kultur på nettet. Nettstaden vert drifta av ABM-utvikling og omfattar òg nettstadane kunstnett.no, museumsnett.no, biblioteknett.no og arkivnett.no

Kulturnettet tilbyr nyhende frå norsk kulturliv og stoff om ABM-institusjonane. I tillegg finns det ein kulturkalender som gjev oversikt over store og små kulturarrangement over heile landet. Kalenderen vert produsert i samarbeid med dei regionale kulturnetta.

I løpet av 2004 kjem kulturnett.no i ein heilt ny versjon, bygd på emnekartstandarden. I den nye versjonen vil delnetta leggjast ned og alt samordnast på nettstaden kulturnett.no. Det blir etablert eit norsk kunstnarregister og eit institusjonsregister i tillegg til kulturkalenderen som blir sterkt utvida. Arbeidet med den nye versjonen av kulturnett skjer i samarbeid med både regionale og faglege samarbeidspartnarar som til dømes Kunstnernes Informasjonskontor (KIK).

Det er no etablert regionale kulturnett i Akershus, Hordaland, Sogn og Fjordane, Troms,

Østfold og Nord-Trøndelag. I tillegg vart det i 2003 løyva utviklingsmiddel til samarbeid for både Trøndelagsfylka, Nordland, samarbeid for Vestlandsfylka og Vestfold.

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er eit nasjonalt utviklingstiltak for meir kunst og kultur i skulen. Sekretariatet vart etablert i 2003 og har to fast tilsette. ABM-utvikling og Læringssektoret skal gjennom ein samarbeidsavtale klargjere oppgåver og ansvarsforhold.

Kultur- og kyrkjedepartementet la i juni fram stortingsmelding nr. 38 Den kulturelle skulesekken. Meldinga handlar om bakgrunnen for og verdiar og målsetjingar med Den kulturelle skulesekken. Mellom anna gjev den eit bilete av nokre av dei modellane for Den kulturelle skulesekken som er innførte i kommunar og fylke, og ein oversikt over korleis dei tilgjengelege ressursane over statsbudsjettet for Den kulturelle skulesekken er fordelte i perioden 2001-2003.

Skulesekken har ei styringsgruppe med representantar for Kyrkje- og kulturdepartementet og Undervisnings- og forskingsdepartementet. I tillegg er det oppretta ei brei samansatt referansegruppe med 14 medlem. Gjennom det ordinære statsbudsjettet vart det løyva 12,8 millionar for 2003. 10 millionar vart fordelt til 20 museum for å styrke det historiske elementet i Den kulturelle skulesekken.

Gjennom omfordeling av spillemiddel vart Den kulturelle skulesekken tilført 60 millionar for skuleåret 2003-2004. 36 millionar vart fordelt til fylkeskommunane for arbeid med

Den kulturelle skulesekken regionalt, og 24 millionar vart utlyst gjennom ABM-utvikling til "kreative prosjekt av utviklingsmessig interesse". Desse vart fordelt på følgjande område: visuell kunst, musikk, scenekunst, litteratur, vitensentre og kulturarv. Søknader i dei tre første områda vart handsama av Norsk kulturråd, medan ABM-utvikling handsama dei andre søknadane. Det kom inn over 1200 søknader, og 145 prosjekt vart tildelt middel.

Fotobevaring

ABM-utvikling har overteke ansvaret for oppgåvene innan fotobevaring som tidlegare var lagt til Norsk museumsutvikling. ABM-utvikling er det koordinerande leddet for fotobevaringsarbeidet i Noreg, og skal medverka til å styrke og utvikle det faglege nettverket av ansvarsinstitusjonar for fotobevaring og koordinere arbeidet med fotobevaring på nasjonalt plan. Problemstillingar knytt til møtet mellom ny teknologi og eldre fotografisk materiale er tema i ABM-skrift # 1, Digitalisering av fotosamlingar. Skriftet er ei praktisk rettleiing for planlegging og gjennomføring av digitaliseringsprosjekt.

I 2003 har ABM-utvikling halde kurs innan identifisering av fotografiske teknikkar, digitalisering, spørsmål kring rettar og etikk knytt til formidling av fotografi og Landskonferanse for foto. I 2003 vart det fireårige EU-prosjektet

Sepia (Safeguarding European Photographic Images for Access) avslutta. ABM-utvikling har vore assosiert partner i prosjektet og har delteke aktivt i arbeidsgrupper og arrangert konferansar og kurs i regi av prosjektet. Bladet Svarthvitt - kulturhistorisk fotografi kjem ut for siste gong i fyrste halvdel av 2004. Informasjon og fotofagleg stoff vil i framtida komme i ABM-utvikling sine publikasjonar, leggjast ut på heimesida og på Kulturnett Noreg.

Arkivkartlegging

For å få oversikt over det norske arkivlandskapet har ABM-utvikling satt seg føre å gjennomføre ei kartlegging av arkivressursar i Noreg. Hovudmålet til kartlegginga er å samle inn grunnlagsmateriale til ein statusrapport om bevarings- og formidlingssituasjonen for lokalt og regionalt arkivmateriale/samlingar. Føremålet er å auke og forbetre tilgjenge til denne type materiale for allmenta. Som lokalt og regionalt kjeldematerial reknast privatarxiv/samlingar og arkiv etter kommunale og fylkeskommunale arkivskaparar. Data frå kartlegginga skal overførast til Riksarkivaren sin Samkatalog for privatarkiv og til ABM-utvikling/Fotosekretariatet si database. Statusrapporten vil bli eit viktig grunnlagsdokument når ein skal vurdere målretta arkivpolitiske satsingar i åra framover. Kartlegginga har som delmål å få oversikt over bevaringssituasjonen

"Å velja ut inneber òg å velja bort; ein avgjer kva røyster som skal få sleppa til, og kva røyster som må finna seg i å verta tagale i den historiske songen. Det er difor ei stendig fagleg og kulturpolitisk utfordring å arbeida for at den seleksjonen som institusjonane samla sett står føre, gjev eit så dekkjande og balansert bilete som råd er av det mangfaldet som kan seiast å utgjera norsk samfunnsliv opp gjennom tidene." Kjelder til kunnskap og oppleving St.meld. nr. 22 (1999-2000)

ABM-utvikling arrangerte i september 2003 konferansen KILDENES MAKTT som fokuserte på BRUDD-relatert tematikk. På programmet sto ulike problemstillingar knytt til arkiva, biblioteka og musea si rolle som samfunnsinstitusjonar og kva desse rollene krev når det gjeld bevarings-, tilgjengeleggjeringss- og formidlingspolitikken? Sentrale spørsmål var: Kva slags konsekvensar får val av kjelder for demokratiprojektet? Kva tyder konsensus, teiing, gløymse osv. for vår kulturelle, politiske og historiske sjølvforståing? Korleis sikrar vi at minoritetar vert høyrte og synlege? Korleis sikrar vi korrektiva til dei autoriserte sanningane?

for privatarkiv. På grunnlag av dette kan den gje verdifull kunnskap til forvaltinga av ei støtteordning for bevaring og formidling av privatarkiv.

Prosjektet vil gå over to fasar. Første fase er eit prøveprosjekt som skal gjennomførast i første halvår av 2004 i tre utvalte fylke: Møre og Romsdal, Hordaland og Aust-Agder. Etter at pilotprosjektet er evaluert, vil kartleggingsprosjektet bli gjennomført i andre halvår av 2004 i dei fylka som står igjen (andre fase). Registreringsarbeidet vil bli utført av regionale medarbeidarar engasjert av ABM-utvikling. Desse er allereie på plass i prøvefylka. I tillegg til to prosjektgrupper – ei intern og ei ekstern – er det peika ut ei ekstern fagleg referansegruppe for prosjektet.

Kompetanseutvikling for medarbeidarar i kulturinstitusjonar - omstilling til eit multi-kulturelt samfunn

Utgangspunktet for dette prosjektet er at kulturelt mangfald i samfunnet no er ein permanent normaltilstand i alle dei nordiske landa. I samband med dette er det på tide å stille spørsmålet om medarbeidarane ved ABM-institusjonene har den naudsynte kompetansen til å fungere på ein relevant måte i et fleirkulturelt samfunn. Målet er å få fram kurs både på grunnutdannings- og etterutdanningsnivå som vil fremje ei slik kompetanseoppbygging. Gjen-

nom arbeidsgrupper har det vorte utvikla eit testkurs som vart utprøvd i november. Evalueringa av dette kurset har resultert i ein rapport med tanke på oppfølging i form av studieplanar og kurs.

Kompetanseutvikling for medarbeidarar i kulturinstitusjonar – omstilling til eit multi-kulturelt samfunn er eit nordisk prosjekt som vart initiert hausten 2001 ved Nordbok sitt sekretariat i København. Det er finansiert av Nordisk ministerråd, Nordbok og Nordisk museumskomité. Per B. Rekdal vart engasjert som prosjektleiars frå 15. august 2002. Randi Ertesvåg frå ABM-utvikling sit som leiars for styringsgruppa og ABM-utvikling fungerer som sekretariat for prosjektet. Prosjektet blir avslutta i mars 2004.

Konsortia

Ein konsortiekontrakt vil seie at ABM-utvikling på vegne av deltakarinstitusjonar frå offentleg sektor handlar fram ein lisenskontrakt med ein databaseleverandør for tilgang til elektroniske tidsskrift, referanseverk og liknande. Formålet er at prisen for tilgang til den aktuelle databasen, skal vere rimeligare enn det institusjonen må betale for å inngå abonnement på eiga hand.

I "Kulturpolitikk fram mot 2014" er lisenskontraktar nemnd som eit sentralt statleg verkemiddel fleire gonger. Vidare har ein i

2003 sett at ABM-utvikling har klart å etablere kontraktar som for første gang omhandlar både fag- og folkebibliotek. Dette er eit vegskilje for tidlegare lisensarbeid i regi av eit offentleg organ, og peikar fram mot ei ny "saumlaus" bibliotekverd. Med dette som basis arbeider vi òg for å inkludere museum og arkiv i gjensidige semjer om elektroniske ressursar. Spesielt nøgd er vi med å ha etablert ei eiga e-postliste for konsortiekontraktar i regi av ABM-utvikling, som er organisert som eit tverrsektorielt tilbod med informasjon om alle konsortiekontraktar som handlast fram av ABM-utvikling.

Likevel ser vi tydelegare enn nokon gong skrømtet. Prisane på elektroniske ressursar har enno ikkje nådd noko toppunkt, og det er eit spørsmål kor lenge det einskilde bibliotek kan klare å oppretthalde abonnement på viktige ressursar ut ifrå sine sviktande mediebudsjett. Vi vonar elles at pågåande initiativ mellom anna knytt til etablering av alternative publiseringsskanalar i framtida kan stille viktig vitskapleg dokumentasjon ope og gratis tilgjengeleg for heile samfunnet. ABM-utvikling ønskjer å halde seg kontinuerleg orientert om slike tiltak.

Foto: Cedric Archer

1751
 Høgne Præst for Sande Præstegjeld.
 Christopher Povl Hammer.
 Høgne Præst for Søgne Præstegjeld.
 Hiore Bitterligt: At den 15 Febr.
 1751 var forsamlet paa Kles
 Pr. Gaard i Hauges; Sande
 Pr. Tegjeld, for til paasko-
 gende Lovlig Hætte og Fri-
 mælon at søgte at Reg-
 jere Borte Mælon til
 Valig afledt Hanna Catha-
 rina Theigler, og søgte
 Hætte og søgte innel-
 gende overdringer. H.
 H. H. H. H. H. H. H. H. H.

Private Arkiver.
 Østlandske Skikassens form.
 Lønsbøkk
 № 3.
 1874-1882.
 FARK 478

Private Arkiver.
 Østlandske Skikassens form.
 Lønsbøkk
 № 4.
 1877-1885.

Fylkesarkivet for Vestfold
 Arkiv
 No. 62. Østlandske

155
 156
 157
 158
 159
 160
 161
 162
 163
 164
 165
 166
 167
 168
 169
 170
 171
 172
 173
 174
 175
 176
 177
 178
 179
 180
 181
 182
 183
 184
 185
 186
 187
 188
 189
 190
 191
 192
 193
 194
 195
 196
 197
 198
 199
 200
 201
 202
 203
 204
 205
 206
 207
 208
 209
 210
 211
 212
 213
 214
 215
 216
 217
 218
 219
 220
 221
 222
 223
 224
 225
 226
 227
 228
 229
 230
 231
 232
 233
 234
 235
 236
 237
 238
 239
 240
 241
 242
 243
 244
 245
 246
 247
 248
 249
 250
 251
 252
 253
 254
 255
 256
 257
 258
 259
 260
 261
 262
 263
 264
 265
 266
 267
 268
 269
 270
 271
 272
 273
 274
 275
 276
 277
 278
 279
 280
 281
 282
 283
 284
 285
 286
 287
 288
 289
 290
 291
 292
 293
 294
 295
 296
 297
 298
 299
 300
 301
 302
 303
 304
 305
 306
 307
 308
 309
 310
 311
 312
 313
 314
 315
 316
 317
 318
 319
 320
 321
 322
 323
 324
 325
 326
 327
 328
 329
 330
 331
 332
 333
 334
 335
 336
 337
 338
 339
 340
 341
 342
 343
 344
 345
 346
 347
 348
 349
 350
 351
 352
 353
 354
 355
 356
 357
 358
 359
 360
 361
 362
 363
 364
 365
 366
 367
 368
 369
 370
 371
 372
 373
 374
 375
 376
 377
 378
 379
 380
 381
 382
 383
 384
 385
 386
 387
 388
 389
 390
 391
 392
 393
 394
 395
 396
 397
 398
 399
 400
 401
 402
 403
 404
 405
 406
 407
 408
 409
 410
 411
 412
 413
 414
 415
 416
 417
 418
 419
 420
 421
 422
 423
 424
 425
 426
 427
 428
 429
 430
 431
 432
 433
 434
 435
 436
 437
 438
 439
 440
 441
 442
 443
 444
 445
 446
 447
 448
 449
 450
 451
 452
 453
 454
 455
 456
 457
 458
 459
 460
 461
 462
 463
 464
 465
 466
 467
 468
 469
 470
 471
 472
 473
 474
 475
 476
 477
 478
 479
 480
 481
 482
 483
 484
 485
 486
 487
 488
 489
 490
 491
 492
 493
 494
 495
 496
 497
 498
 499
 500
 501
 502
 503
 504
 505
 506
 507
 508
 509
 510
 511
 512
 513
 514
 515
 516
 517
 518
 519
 520
 521
 522
 523
 524
 525
 526
 527
 528
 529
 530
 531
 532
 533
 534
 535
 536
 537
 538
 539
 540
 541
 542
 543
 544
 545
 546
 547
 548
 549
 550
 551
 552
 553
 554
 555
 556
 557
 558
 559
 560
 561
 562
 563
 564
 565
 566
 567
 568
 569
 570
 571
 572
 573
 574
 575
 576
 577
 578
 579
 580
 581
 582
 583
 584
 585
 586
 587
 588
 589
 590
 591
 592
 593
 594
 595
 596
 597
 598
 599
 600
 601
 602
 603
 604
 605
 606
 607
 608
 609
 610
 611
 612
 613
 614
 615
 616
 617
 618
 619
 620
 621
 622
 623
 624
 625
 626
 627
 628
 629
 630
 631
 632
 633
 634
 635
 636
 637
 638
 639
 640
 641
 642
 643
 644
 645
 646
 647
 648
 649
 650
 651
 652
 653
 654
 655
 656
 657
 658
 659
 660
 661
 662
 663
 664
 665
 666

ABM-utvikling gjev støtte til eksterne prosjekt ute i sektorane etter søknad. I 2003 brukte vi 28 millionar kroner på eksterne prosjekt, og dette er berre eit lite utval av prosjekta. Fullstending oversikt finn du på vår heimeside www.abm-utvikling.no.



Borregårdsamfunnet utanfor fabrikkporten



Jobben i havet - offshoredykkarane

EKSTERNE PROSJEKT

Bazar

Bazar er ei skreddarsydd teneste for innvandrarar, flyktningar og språklege minoritetar i Noreg. Bazar inneheld informasjon om norsk samfunn og kultur, aviser frå heile verda, adresser til organisasjonar for språklege minoritetar og ein oversikt over bøker til lesetrening i norsk. Bazar vart relansert i januar 2004. Tenesta er monaleg utvida og informasjonen finns no på 14 språk. Til saman har ABM-utvikling og tidlegare Statens bibliotektilsyn støtta prosjektet med om lag 1,3 millionar kroner.

Eydehavn-portalen

På arkivområdet er det gitt støtte til Eydehavn-portalen ved Aust-Agder kulturhistoriske senter. Dei skal dokumentere og formidle historier frå eit industrisamfunn og brukar kommunale og private arkiv, fotografi og anna kjeldemateriale.

Islam i bedehusland

Ryfylkemuseet søker å gi eit bidrag til integrering av flyktningar og innvandrarar i det norske bygdesamfunnet gjennom å dokumentere og formidle kunnskap om møte mellom islam og trusliv knytta til bedehusmiljøet. Dokumentasjonen skjer i Ryfylke der lekmannsrørsla har stått særleg sterkt, der dei første bedehusa i landet blei bygde og der det i

dei siste åra har skjedd ei markert innvandring av folk med andre religionar. Prosjektet vil dokumentere korleis dei framande religionane blir praktiserte, og kva som skjer i møte med folk som er prega av det livet som har vore levd i og kring bedehusa.

Møtestad for sinn og sansar. Skuleheimshistorie og Innherad Fangeleir

Med bakgrunn i Falstadbygninga si spesielle historie har Falstadsenteret teke initiativ til samarbeid med fleire fagmiljø med tanke på dokumentasjon, forskning og utvikling av ein nettbasert kunnskapsbase knytt til norsk skuleheimshistorie og Falstad som varetekt og straffeleir for frontkjemparar. Målet er å synleggjere tabulagde historier og syne korleis dei er tabuisert, å la marginaliserte grupper kome til orde, og syne at mangel på respekt for menneska sitt eigenverde ikkje berre har relevans for krigstid, men også for andre periodar av vår historie.

Telavågtragedien - Ut av tagnaden
Nordsjøfartsmuseet ønskjer å dokumentere og formidle ei ukjend historie om Telavåg: Historia til dei som ikkje var tilstades i Telavåg då arrestasjonane starta og terrorhandlingane vart utførte under andre verdskrig, og som difor

ikkje vart internerte i Noreg eller sende til tyske konsentrasjonsleirar.

bibliotekvakten.no

Dette er ei nasjonal referanseteneste der brukaren kan gå inn i direkte kommunikasjon med ein bibliotekar gjennom chat på internett. Brukar og bibliotekar skriv spørsmål, svar og kommentarar i det same skjermbilete og samtalar i sanntid. Prosjektet vert drive av 16 bibliotek og er det første samarbeidet mellom fleire folkebibliotek om ei virtuell teneste.

Jobben i havet

Offshoredykkerane sin innsats er ein del av vår nære industrihistorie. Norsk Oljemuseum i Stavanger har gjennom fleire år samla materiale som ved hjelp av middel frå kulturnett.no vil vere tilgjengeleg på nettet i 2004. Det omfattar ei database med bilete og skriftleg materiale om jobben som vart utført og historier som dykkarane sjølv har fortalt.

Krybbedød i Noreg 1970-2000

Lepramuseet St. Jørgens Hospital vil gjennom ein problematiserande utstilling om krybbedød i åra 1970 til 2000 sette fokus på forskning og feilslåtte offentlege informasjonskampanjar, og syne samspillet mellom forskning, offentlig helsearbeid og informasjon.

Det tilgjengelege bibliotek

Målet til dette prosjektet er å gjere dei tre utvalde prosjektbiblioteka, Sarpsborg bibliotek, Tønsberg/Nøtterøy bibliotek og Torshov/Sandaker filial av Deichmanske i Oslo til ein meir tilrettelagt kunnskapsbase, møtestad og arbeidsplass for folk med funksjonsvanskar. I 2003 har prosjektet etablert eit samarbeid med Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek om utlån av DAISY-lydbøker og har etablert gode og funksjonelle arbeidsstasjonar med eigne tekniske konsulentar i dei tre biblioteka.

Det tilgjengelege arkiv

I samband med planlegginga av nye lokalar sett Bergen byarkiv tilkomst og universell utforming på dagsorden. Prosjektet vert òg ført vidare for å finne gode løysingar på korleis arkivmateriale kan gjerast tilgjengeleg og bli formidla til alle, uavhengig av funksjonsevne.

Borregaardsamfunnet utanfor fabrikkporten

Nettutstillinga "Borregaardsamfunnet utanfor fabrikkporten" skal gjennom ein kombinasjon av bilete, tekster, lydopptak, utdrag av arkiv, korte videoar og litteraturlister gje eit innblikk i korleis det var å leve som arbeidar på Borregaard, ein av Noregs aller største arbeidsplassar, for eit par generasjonar sidan.

Kulturnett Østfold står bak med støtte frå kulturnett.no, men prosjektet er eit samarbeid mellom Østfold fylkesbibliotek, Østfold fylkes bildearkiv og Borgarsyssel museum.

Webrettleiing i informasjonskompetanse

Dette er to prosjekt med same tema. Eit av prosjekta er ved Universitetsbiblioteket i Trondheim og det andre er eit samarbeid mellom Høgskulen i Telemark og Høgskulen Haugesund/Stord om interaktiv rettleiing av studentar via internett.

Besøk

Folkebibliotek	22,9 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	5,8 millionar
Museum	8,8 millionar

Utlån

Folkebibliotek	24 millionar
Fag- og forskingsbibliotek	3,9 millionar

Tal på utstillingerar

Museum	3 034
--------	-------

Storleik på samlingane

Folkebibliotek (total bestand)	22,2 millionar
Fag- og forskingsbibliotek (total bestand)	44,3 millionar
Museum (tal på gjenstandar)	27,4 millionar

Lønna årsverk

Folkebibliotek	1 882
Fag- og forskingsbibliotek	1 576
Museum	2 999

Lønnsutgifter

Folkebibliotek	640 millionar kroner
Fag- og forskingsbibliotek	497 millionar kroner
Museum	981 millionar kroner

Innkjøp til samlingane

Folkebibliotek	135 millionar kroner
Fag- og forskingsbibliotek	264 millionar kroner

ABM-SEKTOREN

I NØKKELTAL

ABM-utvikling hentar inn statistikk for alle typar bibliotek og museum. Museumsstatistikken og statistikken for fag- og forskingsbibliotek vert til gjennom eit samarbeid med Statistisk sentralbyrå. I tillegg er det satt i gang ei omfattande kartlegging på arkivfeltet som mellom anna vil kunne gje oss naudsynt informasjon for å utvikle statistikk òg på arkivområdet.

Førebels er det likevel berre bibliotek- og museumsområda vi har statistikk for. Statistikken byggjer på data frå nærare 5 500 bibliotek og museum, filialar medrekna. Av desse er omlag 3 500 skulebibliotek, nærare 1 100 høyrer til folkebiblioteksektoren, i overkant av 300 er fag- og forskingsbibliotek og omlag 500 er museum.

Nokre nøkkeltal frå statistikken for 2002 kan gje ein indikasjon på kva slags omfang desse områda har og deira vekt for innbyggjarane i Noreg. I institusjonane som leverte statistikk i 2003 vart det utført omlag 7 500 lønna årsverk. Om vi ser bort frå skulebiblioteka, hadde biblioteka og musea brutto driftsutgifter på over 4 milliardar kroner. 2,2 milliardar av dette gjekk til lønn. Institusjonane tok i mot nesten 38 millionar besøkande, noko som syner at tenestene som vart gitt er mykje bruka. ABM-utvikling sin statistikk fortel oss ikkje kor stor del av folket som har besøkt museum og bibliotek, men Statistisk sentralbyrå sin kulturstatistikk for 2001 syner at 52 prosent

av Noregs folk hadde besøkt folkebibliotek, 11 prosent hadde besøkt fag-, universitets- eller bedriftsbibliotek, og 45 prosent hadde besøkt museum minst ein gong i løpet av 12 månader. Dette syner at institusjonane ikkje bare er mykje bruka, men òg bruka av mange.

For biblioteka er utlån ei sentral verksemd, og når skulebiblioteka ikkje reknast med, nærmar dei samla utlånstala seg 30 millionar i 2002. For folkebiblioteka si del tyder ei jamn auke i besøk over fleire år på at òg andre tenester enn utlån trekker folk til bibliotek. Institusjonane samarbeider òg med andre i ulik grad. Musea sitt samarbeid med skulene synes i statistikken ved at 648 000 barn deltok i organisert undervisning på musea. Institusjonane har heller ikkje berre tenester i lokala. I stadig større grad er det òg mogleg å besøke bibliotek og museum virtuelt, og det blir ytt ymse tenester på deira heimesider. ABM-utvikling har derimot ikkje statistikk som kan seie noko sikkert om bruken av disse tenestene. Vi har publisert ein fullstendig statistikk for bibliotek og museum 2002 i ABM-skrift # 4.



Foto på toppen: Bjørn Djupvik
i midten: Hilde Lillejord
lengst nede: Tomas Alf Larsen

Styret består av:

Bjørn Bering, byarkivar, Oslo kommune, leiar

Lisbeth Tangen, fylkesbiblioteksjef, Sør-

Trøndelag fylkeskommune, nestleiar

Åsulv Frøysnes, Høgskolen i Oslo

Elisabeth Seip, Kulturvernleiar, Hedmark

fylkeskommune

Gunnar Urtegaard, fylkesarkivar, Sogn og

Fjordane fylkeskommune

Ingvild Øye, professor, Arkeologisk institutt,

Universitetet i Bergen

Tone Moseid, seniorrådgjevar, ABM-utvikling

Siv Bente Grongstad, rådgjevar, ABM-utvikling


STYRET


ABM-utvikling er leia av eit styre på åtte medlemmer oppnemnd av Kultur- og kyrkje-departementet for ein periode på fire år. To av medlema vart oppnemnd i samråd med Utdannings- og forskingsdepartementet, ein i samråd med Miljødepartementet og to medlemmer med varamedlemmer etter framlegg frå dei tilsette. I tillegg er direktøren med på styremøte og har tale- og forslagsrett.

I januar 2003 vart interimstyret avløyst av det ordinære styret for ABM-utvikling. Eit samla styret vart endeleg konstituert 10. juni 2003, med oppnemning av to medlemmer etter forslag frå dei tilsette. Styret har hatt tre møter i 2003. I tillegg har styremedlema delteke på seminar og møter av fagleg karakter. Eit av hovudmåla for arbeidet til styret i 2003 har vore å komme med innspel til overordna strategiar, val av hovudsatsingsområde og prioritering av arbeidsoppgåver. Innspel frå styret er teke med i den interne planprosessen, i leiargruppa og på personalseminar. Styret har òg lagt vekt på å etablere ei felles forståing av dei overordna måla for styret sitt eiga arbeide. Medlemmer av styret har òg vore med ved tilsetjing av avdelingsdirektør.

Gjennom styremøta har styret vore halde godt informert om den daglege verksemda. Samspelet mellom styret og administrasjonen har vore prega av open dialog og tillit.

Foto: Cedric Archer





ISBN 82-8105-006-3